

Øygarden brann og redning IKS

- "I arbeid for eit branntrygt lokalsamfunn!"



Årsmelding 2019



Øygarden brann og redning IKS

- «I arbeid for eit branntrygt lokalsamfunn!»

Vårt primære føremål er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg

INNHALD

Styret sin årsrapport	side 4
Driftsrekneskap	6
Investeringar	7
Balanse per 31.12.2019	8
Notar til rekneskapen	10
Revisormelding	13
Samandrag	15
Brann- og redningssjefen sin kommentar	16
Om selskapet	17
Representantskap	18
Styret	18
Administrasjonsavdeling	19
Beredskapsavdeling	19
Brannførebyggjande avdeling	21
Tilsette per 31.12.2019	22

Tekst, bilete og layout av Øygarden brann og redning IKS



STYRET SIN ÅRSRAPPORT

Verksemda

Fjell, Sund og Øygarden kommunar har etablert ei felles brann- og redningsteneste med verknad fom 01.01.2018. Verksemda er basert Sotra Brannvern IKS og med ei delvis overdraging av verksemd av Øygarden brannvesen. Nytt namn er Øygarden brann og redning IKS. Det er utarbeidd ny selskapsavtale, etablert nytt styret og representantskap og ny branndokumentasjon er vedteken av representantskapet 14.11.2017. Selskapet si hovudoppgåve er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Eigardelar

Fjell kommune eig 64 % , Sund kommune eig 18 % og Øygarden kommune eig 18 %.

Administrasjon, leiging og tilsette

Selskapet har 67 (av desse er 4 i permisjon) tilsette per 31.12.2019. Dette utgjer om lag 18 årsverk. Selskapet har sine lokalar i Dalsneset i Øygarden kommune, Skogsskiftet i Sund kommune, og på Ågotnes i Fjell kommune. Administrasjonen held til på Ågotnes.

Likestilling

Selskapets styre har 7 medlemmar. Herav 3 kvinner og 4 menn. 1 representant vald av tilsette. Eigarane stettar kravet til kjønnsrepresentasjon. I selskapet er det 4 % kvinner. Ved rekruttering til styret, utlysing av ledige stillingar, ved fastsetting av løn osv., legg selskapet vekt på likestilling og at personar av begge kjønn skal handsamast likt. Selskapet ønskjer å rekruttere fleire kvinner til brann- og redningstenesta.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet er godt. Det er ikkje registrert større ulykker eller uhell i 2019. Nærværspresent var i 2019 på 97,6 %.

Ytre Miljø

Selskapet si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet har eit godt utvikla internkontrollsystem, og det er ikkje registrert hendingar eller uhell som påverka det ytre miljø.

Vidare drift

Selskapet følgjer kommunelova med forskrift om føring av rekneskap, og bokføringsloven. Selskapet fører difor rekneskap etter kommunale prinsipp (jf. Forskrift om årsregnskap for interkommunale selskaper). Fom 2020 vert selskapet avvikla og erstatta med eit kommunalt føretak.

Selskapet si stilling og resultat av verksemda.

Selskapet hadde i 2019 samla driftsinntekter på kr 35 923 893. Samla driftskostnader var på kr 37 761 937. Overføring frå eigarane var kr 29 844 000. Rekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 186 737 (etter interne finanstransaksjonar).

Styret er ikkje kjent med tilhøve utover det som kjem fram av rekneskapen, som kan være av interesse for vurdering av selskapet. Styret er ikkje kjent med at det, etter utgang av rekneskapsåret, har skjedd ting som er viktig for vurdering av selskapet sitt resultat eller stilling. Etter styret si oppfatning gir den framlagte rekneskapen eit korrekt inntrykk av selskapet si stilling og resultat for verksemda.

Investeringar

Selskapet vil ha eit framtidig behov for utskifting av ein aldrande kjøretøypark av store bilar. Det har vore ei grundig prosess med utarbeiding av kravspesifikasjonar for nye brannbilar, og eigarkommunane har gjeve kommunal lånegaranti for vel kr 10,6 mill. I 2019 vart det lyst ut konkurranse for to nye mannskapsbilar og to nye tankbilar. Kontrakt for levering ila 2020, vart inngått november 2019 med Rosendahl AS. Dette var steg 1 i investeringsplanen for selskapet, og steg 2 krev ein revisjon av planen og ei sak for det nye styret og kommunestyret.

Styret sitt framlegg til resultatdisponering

Styret vil gjere framlegg om at mindreforbruket i sin heilskap vert overført til driftsfondet.

Vegen vidare

Representantskapet vedtok ny branndokumentasjon 14.11.2017 og styret ser føre seg at oppfølging av branndokumentasjon vil vere ei viktig oppgåve framover. Dei tre eigarane vedtok i 2019 å oppløyse selskapet. Årsaka var samanslåing av dei tre kommunane til Nye Øygarden kommune. Øygarden brann og redning IKS vil verte endra frå eit interkommunalt selskap til eit kommunalt føretak.

31. desember 2019

2. juni 2020

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap	Rev. bud	Opph. bud.	Rekneskap
	2019	2019	2019	2018
Driftsinntekter				
Brukarbetaling	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre sals- og leigeinntektar	2 621 566,56	243 000	243 000	2 043 939,47
Overføringar med krav om motyting	3 458 326,79	2 475 751,00	2 404 000,00	4 296 278,81
Overføringar utan krav om motyting	29 844 000,01	29 204 000,00	29 204 000,00	29 243 888,00
Sum driftsinntekter	35 923 893,16	31 922 751,00	31 851 000,00	35 584 106,28
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	19 410 271,10	17 147 000,00	17 147 000,00	18 195 668,91
Sosiale utgifter	4 755 455,57	4 890 000,00	4 890 000,00	4 002 882,15
Kjøp av varer og tenester, inngår i tenesteprod.	7 463 671,52	6 233 000,00	5 946 000,00	6 463 521,47
Kjøp av varer og tenester, erstattar tenesteprod.	2 835 427,41	2 891 000,00	2 891 000,00	3 695 687,48
Overføringar	2 108 642,82	1 497 751,00	1 426 000,00	1 792 772,76
Avskriningvar	1 188 469,00	834 000,00	834 000,00	1 001 299,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsutgifter	37 761 937,42	33 492 751,00	33 134 000,00	35 151 831,77
Brutto driftsresultat	-1 838 044,06	-1 570 000,00	-1 283 000,00	432 274,51
Finanspostar				
Renteinntekter og utbyte	154 342,22	54 000,00	54 000,00	94 794,40
Motteke avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansinntekter	154 342,22	54 000,00	54 000,00	94 794,40
Renteutgifter og låneomkostningar	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finanstransaksjonar	0,00	0,00	0,00	0,00
Resultat eksterne finanstransaksjonar	154 342,22	54 000,00	54 000,00	94 794,40
Motpost avskrivningar	1 188 469,00	834 000,00	834 000,00	1 001 299,00
Netto driftsresultat (res. før interne finanst.)	-495 232,84	-682 000,00	-395 000,00	1 528 367,91
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig	1 420 367,91	1 420 368,00	0,00	886 942,32
Bruk av disposisjonsfond	682 000,00	682 000,00	395 000,00	492 000,00
Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetnader	2 102 367,91	2 102 368,00	395 000,00	1 378 942,32
Overføring til investeringsrekneskap	600 000,00	600 000,00	0,00	600 000,00
Avsetnad til dekking av tidlegare års	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetnad til disposisjonsfond	820 367,91	820 368,00	0,00	886 942,32
Avsetnad til bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetnad	1 420 367,91	1 420 368,00	0,00	1 486 942,32
Rekneskapsmessig mindreforbruk	186 767,16	0,00	0,00	1 420 367,91

INVESTERINGAR

	Rekneskap 2019	Rev. bud 2019	Opph. bud. 2019	Rekneskap 2018
Rekneskapsmessige investeringar				
Investeringar i anleggsmidlar	0,00	0,00	0,00	1 871 705,75
Utlån og forskottingar	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av aksjonar og andelar	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetnad	830 000,00	830 000,00	0,00	1 267 000,00
Årets finansieringsbehov	830 000,00	830 000,00	0,00	3 138 705,75
Finansiering				
Bruk av lånemidlar	0,00	0,00	0,00	0,00
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,00	0,00	0,00	448 000,00
Tilskot til investeringar	230 000,00	230 000,00	0,00	667 000,00
Kompensasjon for meirverdiavgift	0,00	0,00	0,00	76 758,24
Motteke avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	230 000,00	230 000,00	0,00	1 191 758,24
Overført frå drifta	600 000,00	600 000,00	0,00	600 000,00
Bruk av avsetnad	0,00	0,00	0,00	1 346 947,51
Sum finansiering	830 000,00	830 000,00	0,00	3 138 705,75
Udekka/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

ENDRING I ARBEIDSKAPITAL

Oversikt endring i arbeidskapital	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Omløpsmidlar		
Endring i betalingsmidlar	1 993 543,78	365 571,64
Endring ihendehavarobl. og sertifikat	0,00	0,00
Endring kortsiktige fordringar	-1 943 605,19	2 242 232,19
Endring premieavvik	-731 032,00	332 985,00
Endring aksjar og andelar	0,00	0,00
Endring omløpsmidlar (A)	-681 093,41	2 940 788,83
Kortsiktig gjeld		
Endring i kortsiktig gjeld (B)	415 860,57	-2 092 368,43
Endring arbeidskapital (A-B)	-265 232,84	848 420,40
Udekka/udisponert	0,00	0,00

BALANSE PER 31.12.2019

	NOTE	REKNESKAP 2019	REKNESKAP 2018
EIGENDELAR			
Anleggsmidler			
Immaterielle eigendelar		0,00	0,00
Faste eigedomar og anlegg		0,00	0,00
Utstyr, maskinar og transportmidlar		6 661 758,60	7 850 227,60
Utlån		0,00	0,00
Konserninterne langsiktige fordringar		0,00	0,00
Aksjar og andelar		0,00	0,00
Pensjonsmidlar	7	21 989 739,00	19 904 829,00
Sum anleggsmidler		28 651 497,60	27 755 056,60
Omløpsmidlar			
Varar		0,00	0,00
Kortsiktige fordringar		1 047 878,00	2 991 483,19
Konserninterne kortsiktige fordringar		0,00	0,00
Premieavvik	7	0,00	731 032,00
Aksjar og andelar		0,00	0,00
Sertifikatar		0,00	0,00
Obligasjonar		0,00	0,00
Derivater		0,00	0,00
Kasse, bankinnskott		8 014 102,26	6 020 558,48
Sum omløpsmidlar	6	9 061 980,26	9 743 073,67
Sum eigendelar		37 713 477,86	37 498 130,27
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Disposisjonsfond	4	1 486 256,16	1 347 888,25
Bundne driftsfond		0,00	0,00
Ubundne investeringsfond	4	2 340 190,27	1 510 190,27
Bundne investeringsfond		0,00	0,00
Rekneskapsmessig mindreforbruk (Drift)		186 767,16	1 420 367,91
Rekneskapsmessig meirforbruk (Drift)		0,00	0,00
Udekka i investeringsrekneskap		0,00	0,00
Udisponert i investeringsrekneskap		0,00	0,00
Kapitalkonto	5	9 370 834,60	12 656 701,50
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Drift		0,00	0,00
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Invest.		0,00	0,00
Sum eigenkapital		13 384 048,19	16 935 148,03

BALANSE PER 31.12.2019

	NOTE	REKNESKAP 20198	REKNESKAP 2018
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Ihendehavarobligasjonslån		0,00	0,00
Pensjonsforpliktingar	7	21 176 912,00	16 994 604,00
Sertifikatlån		0,00	0,00
Annan langsiktig gjeld		0,00	0,00
Konsernintern langsiktig gjeld		0,00	0,00
Avsetnad for forpliktingar		0,00	0,00
Sum langsiktig gjeld		21 176 912,00	16 994 604,00
Kortsiktig gjeld			
Kassakredittlån		0,00	0,00
Annan kortsiktig gjeld		4 252 190,67	5 464 628,24
Derivater		0,00	0,00
Konsernintern kortsiktig gjeld		0,00	0,00
Premieavvik		796 577,00	0,00
Sum kortsiktig gjeld		5 048 767,67	5 464 628,24
Sum egenkapital og gjeld		39 609 727,86	39 394 380,27

	NOTE	REKNESKAP 2019	REKNESKAP 2018
MEMORIAKONTI			
Ubrukte lånemidlar		0,00	0,00
Ubrukte konserninterne lånemidlar		0,00	0,00
Andre memoriakonti		0,00	0,00
Motkonto memoriakonti		0,00	0,00

31. desember 2019


2. juni 2020


 Rudolf Helge Krondorfer
 varamedlem


 Olav Martin Vik
 nestleiar


 Elna Nybakk
 styremedlem


 Nina Glesnes
 styremedlem


 Silvia Haugland
 styremedlem


 Jørgen Kausland
 styremedlem


 Bjørn Olav Paulsen
 dagleg leiar/
 brann- og redningssjef

NOTAR TIL REKNESKAPEN

1. Overføring mellom selskap og deltakarar

Kommune	Nr.	Org.nr.	Eigardel	Beløp i 2018	Beløp i 2019
Fjell	1246	951996777	64 %	-18 576 000	-18 673 000
Sund	1245	964338809	18 %	-5 267 000	-5 515 000
Øygarden	1259	968766223	18 %	-5 334 999	-5 656 000
Tilskot drift			100 %	-29 177 999	-29 844 000

Kommune	Nr.	Org.nr.	Eigardel	Beløp i 2018	Beløp i 2019
Fjell	1246	951996777	64 %	-232 000	-148 000
Sund	1245	964338809	18 %	-60 000	-41 000
Øygarden	1259	968766223	18 %	-375 000	-41 000
Tilskot investering			100 %	-667 000	-230 000

Vedtak i sak R05/2018 Endring av selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS.

Representantskapet vedtek nye eigardelar jf. § 8 i selskapsavtalen for Øygarden brann og redning IKS.

Fjell kommune 64 %, Sund kommune 18 % og Øygarden kommune 18 %.

Samrøystes vedteken. Representantskapet rår kommunestyra til å godkjenne endringane i §7 Innskuddsplikt i selskapsavtalen for Øygarden brann- og redning IKS, Slik dei kjem fram i oppsummeringa.

2. Avsetnader og bruk av avsetnader

Overskotet for 2019 på kr 186 767 står i balansen som udisponert overskot. Overskotet frå 2018 på kr 1 420 367,81 er avsett til investeringsfond og driftsfond. I høve til § 22 og § 23 i selskapsavtalen kan det settast av eit eventuelt overskot til driftsfond. Representantskapet kan også gjere vedtak om at delar av overskotet kan overførast til investeringsfond jf. § 24. Endringar i selskapsavtalen for desse paragrafane kan representantskapet avgjere med eit fleirtal på minst to tredelar av røystene, utan kommunestyrebehandling. Overskotet frå 2018 på kr 600 000 er avsett til driftsfond. Overskotet frå 2018 på kr 820 368 er avsett til driftsfond. Overskotet frå 2019 på kr 186 767 står i balansen som udisponert overskot.

3. Eksterne inntekter og utgifter (tal i kr)

Inntekter	Beløp
Salsinntekter	-
Refusjonar	2 621 567
Overføringar	33 302 327
Andre driftsinntekter	-
Sum inntekter	35 923 893
Utgifter	Beløp
Løn inkl. sosiale utgifter	24 303 973
Kjøp av varer og tenester	7 325 426
Overføringar	2 108 643
Kalkulatoriske avskrivningar	1 188 468
Andre driftsutgifter	2 835 427
Sum driftsutgifter	37 761 937
Motpost avskrivningar	1 188 469
Renteinntekter	154 342
Avdrag og renteutgifter	-
Sum finansutgifter	-154 342
Ordinært resultat (før fondstransaksjonar)	-495 233
Avsetnad til fond	820 368
Bruk av fond	682 000
Brukt til finansiering av utgifter i kapitalrekneskap	600 000
Disponering av tidlegare års resultat	-1 420 368
Sum fondsendringar	682 000
Rekneskapsmessig resultat (res. etter interne finanstrans.)	186 767

4. Fond

Disposisjonsfond

Behaldning 01.01.2019	1 347 888
Avsetnad til disposisjonsfond i 2019	820 368
Bruk av fond i investeringsrekneskapen	-
Bruk av fond i driftsrekneskapen	-682 000
Behaldning 31.12.2019	1 486 256

Investeringsfond

Behaldning 01.01.2019	1 510 190
Avsetnad til investeringsfond i 2019	830 000
Bruk av fond i investeringsrekneskapen	-
Behaldning 31.12.2019	2 340 190

5. Kapitalkontoar

Kapitalkonto

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2019	-	-10 760 452
Betalt avdrag i 2019	-	-
Investeringar 2019	-	-
Kjøp og oppskrivningar 2019	-	-
Sal og nedskrivningar 2019	-	-
Rekneskapsmessige avskrivningar 2019	1 188 469	-
Auke anlegg ved kapitalauke selskap	-	-
Sum kapitalkonto 31.12.2019		-1 188 469

Kapitalkonto pensjonsmidlar

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2019		19 781 373
Aktuarberekning 2019		-2 048 366
Sum kapitalkonto 31.12.2019		21 829 739

Kapitalkonto pensjonsforpliktingar

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2019	16 871 149	
Aktuarberekning 2019	4 145 764	
Sum kapitalkonto 31.12.2019	21 016 913	

Kapitalkonto arb. avg. av pensjonsforpliktingar

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2019	-	-
Aktuarberekning 2019	-	-
Sum kapitalkonto 31.12.2019		

Kapitalkonto bruk av lån

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2019	1 896 250	
Investeringar 2019	-	
Sum kapitalkonto 31.12.2019	1 896 250	

Sum kapitalkontoar 31.12.2019		-7 474 585
--------------------------------------	--	-------------------

6. Endring i arbeidskapital

Balanserekneskapen	31.12.2018	31.12.2019	Endring
Omløpsmidlar	9 743 074	9 061 980	-681 093
Kortsiktig gjeld	5 464 628	5 048 768	-451 861
Arbeidskapital	4 278 445	4 013 213	-265 233

Ubrukte lånemidlar	-	-	-
Sum			-265 233

Drifts- og investeringsrekneskapen	Beløp	Beløp	Sum
Sum driftsinntekter		35 923 893	
Sun driftsutgifter		37 761 937	
Avskrivningar		1 188 469	
Sum eksterne finansinntekter		154 342	
Sum eksterne finansutgifter		-	
Sum investeringsinntekter		230 000	
Sum investeringsutgifter		-	
Bruk av lån		-	
Sum			-265 233

7. Pensjon

Premieinnbetaling	Innbetalt
Forhåndspremie for 2019	-
+ Premieinnbetaling 2 til 4 kvartal 2019	432 484
= Sum premieberekning inkl. adm. kostnader	432 484
- Sum bruk av premiefond 2019	-
= Sum premiebetaling inkl. adm. kostnader	432 484
- Administrasjonskostnader – 4 % inkludert i betalt premie	(189 000)
= Sum premiebetaling eksl. adm. kostnader	243 484

Årets netto pensjonskostnad

Årets pensjonsopptening (iflg. aktuarberekning)	1 111 181
+ Rentekostnad på pensjonsforpliktingane (iflg. aktuarberekning)	768 682
= Pensjonskostnad (brutto)	1 879 863
- Forventa avkastning på pensjonsmidlane (iflg. aktuarberekning)	(938 239)
= Pensjonskostnad (netto)	941 624

Berekna premieavvik

Premieinnbetaling (eksl. adm. kostnader)	243 484
- Årets netto pensjonskostnad (eksl. adm. kostnader)	941 624
Arbeidsgjevaravgift av premieavviket	(98 438)
= Premieavvik inkl. aga (positivt premieavvik)	(796 578)

Sats for arbeidsgjevaravgift 14,1 %

Pensjonsforpliktingar

Pensjonsforpliktingar (brutto)	21 016 913
- Pensjonsmidlar (marknadsverdi)	21 829 739
= Netto balanseført pensjonsforplikting	-821 826

REVISJONSMELDING



Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til kommunestyret i Øygarden kommune

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Øygarden Brann og Redning IKS som viser et ordinært negativt resultat på kr 495.233 og et regnskapsmessig resultat på kr 186.767. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2019, driftsregnskap og investeringsregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende fremstilling av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i selskapets årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og særregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret/Medlemmer av
Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Penneo Dokumentnøkkel: EY4QQ-PI50C-KL66K-NTVNO-W8XL7-J15FE

i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på særregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskaps-estimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for årsregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forslaget til resultatdisponering er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Bergen, 10. juni 2020
 Deloitte AS

Helge-Roald Johnsen
 statsautorisert revisor

SAMANDRAG

Dei tre eigarkommunane for Øygarden brann og redning IKS (ØBR) går saman til ein kommune med verknad fom 2020. Øygarden brann og redning IKS vert då endra til eit kommunalt føretak.

I løpet av 2019 vart det gjort vedtak i alle tre kommunestyra om oppløysing av selskapet. Det vart utarbeidd vedtekter for Øygarden brann og redning KF og ein driftsavtale for føretaket. I tillegg vart det eit vedtak om verksemdsplan. Denne planen tok utgangspunkt i Hovudplanen for ØBR IKS for 2019, og vil verte endra når selskapet endrast til eit føretak. Styret for det nye føretaket får så verksemdsplanen til behandling, og sender den til kommunestyret for vedtak. Kommunestyret for Nye Øygarden kommune valde nytt styret i møte i november. Dei tilsette hadde og ein prosess, der eit fast medlem og eit varamedlem var vald.

Proessen med oppreinsking etter havariet til KNM «Helge Ingstad», tok sin tid. Aksjonen vart ikkje avslutta før i mars. Det var også ein noko mindre aksjon i juni/juli for oppreinsking etter sekundærforureining. Denne aksjonen gjekk ut på å forsøkje å samle opp isopor frå øydelagde lenser. Til dette arbeidet vart ungdommar i alderen 16 – 22 år engasjert i sommarjobb. I fem veker juni/juli leverte ØBR store mengder vatn til Askøy kommune, som følgje av utfordringar med drikkevattnet. Her vart det faktisk levert om lag 2,1 millionar liter vatn. ØBR hadde også oppdrag for Equinor både med vakthald og opplæring.

Det har vore store svingingar i budsjettet i 2019. Både meirutgifter og meirinntekter er høgare enn budsjettet. Faktorar som har virka inn er t.d. utleige av vaktpersonell til Equinor, meir sal av tenester (kurs, levering av vatn), store utgifter og refusjonar ved aksjonar i samband med KNM «Helge Ingstad» sitt havari med både primær og sekundær forureining. Mykje ekstravakter i beredskapen dreiv lønskostnaden opp. Med ein aldrande bilpark følgjer det kostnadar til reparasjonar og vedlikehald. I 2019 vart dei særleg høge. Heldigvis fekk ØBR gjennomført ein prosess med utlysing etter nye brannbilar. Seinhausten 2019 skreiv brann- og redningssjef og styreleiar under avtale med Rosendahl AS, om levering av to mannskapsbilar og to tankbilar i 2020.

Innføring av feiing og tilsyn med fritidsbustader har vist seg å vere krevjande. Eit stort arbeid har vore lagt ned i å kome i kontakt med eigarane, for å få riktige data og starte planlegging for gjennomføring av tilsyn og feiing. Det har elles vore god etterspurnad om kurs frå førebyggjande avdeling innan brannvern og førstehjelp. Fint ver gav ei flott ramme for Open brannstasjon, som i år vart arrangert ved Ågotnes brannstasjon.

Rekneskapsmessig resultat er på kr 186 767. Grunna samanslåing av eigarkommunane Fjell, Sund og Øygarden til Nye Øygarden kommune fom 01.01.2020, er det kommunestyret, som skal godkjenne rekneskapen og disponere mindreforbruket ved å sette av til fond.

Nærversprosenten for 2019 var på 97,6 %. Dette er eit godt resultat, sett opp mot kva oppgåver brann- og redningstenesta er sett til å utføre.

BRANN- OG REDNINGSSJEF SIN KOMMENTAR

Andre og siste driftsår for Øygarden brann og redning IKS er ferdig. Året har vore prega av nokre større aksjonar, mange helse relaterte oppdrag, arbeid med nye vedtekter, driftsavtale og verksemdsplan for Øygarden brann og redning KF (fom 2020). Fellesnemnda for nye Øygarden kommune godkjente både vedtekter og driftsavtale i møte i juni.

Særs store svingingar i driftsbudsjettet har det og vore. Både auka inntekter/refusjonar og utgifter. Særleg høge kostnader har det vore for drift av den tunge bilparken. Året har vist oss at bilparken begynner å bli gamal. Vi måtte leige inn ein eldre brannbil frå Bergen kommune, då den gamle mannskapsbilen ved Dalsneset brannstasjon vart teken ut av drift og seld. Vår erfaring er at ein eldre brannbil, anten den kjem frå Bergen eller annan stad, fort kan gje oss ekstra kostnader. Forbruket for art for drift av storbilar har eit stort meirforbruk. Det har vore mykje arbeid med ny runde for utlysing av konkurranse for nye storbilar. Styre godkjente investeringsbudsjett med ein total ramme på inntil kr 12,4 mill. Leveranse skal vere i 2020 og bilane er finansiert gjennom bruk av investeringsfond, innbyte av tre bilar og opptak av lån. Heilt klart gledeleg når vi i november kunne signere kontrakt for kjøp av to nye mannskapsbilar og to nye tankbilar.

Då Askøy kommune, i juni/juli, vart råka av utfordringar med levering av drikkevatn, fekk vi ein førespurnad om å levere vatn. Det var ikkje planlagt for mange leveringar i første omgang, men det viste seg etter kvart å bli ein omfattande levering til Isbjørn Is. Leveringar både om morgon og kveld, som varte i om lag 5 veker. Faktisk leverte vi over 2,1 mill liter vatn. Dette var sjølvsagt ein utfordring i sommarferien.

Samstundes med logistikken runde levering av drikkevatn til Askøy, fekk vi i oppdrag frå Kystverket å sette i verk ein aksjon for å samle opp isopor i området der aksjonen etter KNM «Helge Ingstad» hadde vore. Sjølve oppreinskinga etter forliset pågjekk til mars, men grunna dårlege lenser, vart det ein sekundærforureining av isoporkular. Øygarden kommune (gamle) tilsette om lag 20 ungdommar i alderen 16-22 år, mens det var ØBR som stod for oppfølging og tilrettelegging. Denne aksjonen pågjekk i om lag tre veker inn i skuleferien.

Utarbeiding av budsjett for det nye føretaket har vore ei utfordrande øving. Balansering mellom framleis framdrift i implementering av vedteken brann dokumentasjon, og økonomiske realitetar som Nye Øygarden kommune står framfor, har vore komplisert. Styret for ØBR IKS jobba godt med å få dette fram, men den tentative framdrifta for tiltaka i brann dokumentasjonen ser ut til å bli lang.

Utover hausten vart det tydeleg at det var ein del utfordringar med endringa frå IKS til KF; avklaring omkring ikt, økonomi, programvare, arbeidsavtalar, val av styre, registrering i Brønnøysundregistrene m.m. Vi må berre erkjenne at vi ikkje kom heilt i mål med alt. Til felles med mange andre tenester frå Fjell, Sund og Øygarden kommunar, som skulle smelte saman til ein ny organisasjon. Vi går nok eit godt stykke ut i 2020, før ting kjem på plass.

Den 31. desember 2019 vart Øygarden brann og redning IKS historie. Brann- og redningstenesta skal fom 2020 organiserast som eit kommunalt føretak, der styret er direkte underlagt kommunestyret i Nye Øygarden kommune.

Takk til våre tilsette for godt samarbeid i ØBR IKS i 2019, og velkommen inn i ØBR KF i 2020.

Bjørn Olav Paulsen
brann- og redningssjef

OM SELSKAPET

Øygarden brann og redning IKS (ØBR) er eigd av Fjell kommune med 64 %, Sund kommune med 18 % og Øygarden kommune med 18 %. Selskapsavtalen regulerer samarbeidet mellom kommunane.

ØBR sitt primære føremål er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i eigarstrategi for ØBR, lov og forskrift vedkomande brann – og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, samt feiing og tilsyn. Sekundært kan ØBR yte desse og liknande tenester mot vederlag til andre kommunar og verksemdar

Eigarkommunane har delegert til styret det mynde som etter lova med forskrifter er lagt til kommunen. Styret har igjen delegert mynde til brannsjefen. Delegering av mynde gjeld ikkje viktige saker der lova krev vedtak i kommunestyret sjølv.

ØBR sine plikter og arbeidsoppgåver:

- a) gjennomføre informasjons – og motivasjonstiltak i kommunane om brann og andre akutte ulukker
- b) gjennomføre brannførebyggjande tilsyn
- c) vere kommunane sin innsatsstyrke ved brann
- d) gjennomføre ulukkesførebyggjande oppgåver
- e) vere kommunane sin innsatsstyrke ved andre akutte ulukker t.d. trafikkulukker
- f) gjennomføre feiing og tilsyn med fyringsanlegg
- g) vere kommunane sin første innsatsstyrke ved akutt forureining og inngå i aksjonsleiinga
- h) gjennomføre nærare definerte oppgåver i krise – og krigssituasjonar
- i) ta del i utforminga av eigarkommunane sine planar og arbeid med krise og beredskap
- j) fastsette branndokumentasjon for eigarkommunane

Eigarkommunane kan også leggja andre arbeidsoppgåver til ØBR så langt dette ikkje svekkjer gjennomføringa av oppgåvene lista opp i a) – j)

Kjøp av tenester i 2019

- Sund kommune, økonomitenester
- Fjell kommune IT-tenester
- Deloitte AS er revisor for selskapet
- Bedriftshelseteneste ved Salutis
- Bergen kommune, sløkkjeavtale

Forhandlingsutval

Forhandlingsutvalet ØBR skal m.a. halde seg orientert om lønsutviklinga i kommunal sektor, og gjennomføre lokale lønstingingar innanfor dei rammer brannstyret har gjeve. Utvalet var slik samansett i 2018: styreleiar Per Rune Eikeseth, styremedlem Silvia Haugland og brann- og redningssjef Bjørn Olav Paulsen.

Tilsettingsutval

Styret har oppretta tilsettingsutval i tråd med selskapsavtalen. Utvalet har mynde til å tilsette og seie opp personell med unntak av brannsjefen.

Utvalet hadde i 2019 desse medlemmane:

- styreleiar Per Rune Eikeseth
- brann- og redningssjef Bjørn Olav Paulsen
- tillitsvald Børre Brekkvassmo

Arbeidsmiljøutval

Utvalet har fire personar, to frå arbeidsgjevar og to frå arbeidstakersida: Nils Anders Mæland, (leiar), Ove Geir Stusdal, Torbjørn Borgen og hovudverneombod Remi Oen for dei tilsette. Det er personleg vara for alle faste medlem. Salutis, er også representert når det er møte i AMU.

AKAN-kontakt og verneombod

ØBR vil ved behov nytte seg av Salutis, som er selskapet sin leverandør av bedriftshelsetenester.

Remi Oen var hovudverneombod ved ØBR i 2019. Han er og verneombod ved Dalsneset brst. Torbjørn Borgen er verneombod ved Skogsskiftet brst, Petter Andreas Rørvik ved Ågotnes brst.

Organ og avdelingar

Det er tre interkommunale organ i selskapet; representantskapet, styret og dagleg leiar (brann- og redningssjefen). Selskapet har ei administrasjonsavdeling, ei beredskapsavdeling og ei førebyggjande avdeling.

Selskapet har det administrative ansvaret for personell knytt til Kystverket sitt oljeverndepot i Fjell kommune. Depotet vart i 2019 flytta til Mongstad base.

REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er det øvste organet i Øygarden brann og redning IKS og har m.a. følgjande oppgåver:

- velje medlem til brannstyret og revisor
- behandle og vedta budsjett, økonomiplan, årsmelding og rekneskap

Kommune	Faste medlemmer	Varamedlemmer
Fjell	Marianne Sandahl Bjorøy	Ernst Morten Einarsen
	Lars Olav Hjartøy	Odd Bjarne Skogestad
Sund	Kari-Anne Landro	1. Robert Kaupang Sæle
	Nils Kåre Skoge	2. Jogeir Sognnæs
Øygarden	Børge Haugetun	Anne-Elin Dale
	Atle Dåvøy	Ingrid Marie Toft
Leiar	Børge Haugetun	
nestleiar	Marianne Sandahl Bjorøy	

STYRET

Styret er vald av representantskapet. Oppgåver for styret går fram av selskapsavtalen, men vi nemner kort nokre punkt:

- å fremje forslag til budsjett innanfor fastsette fristar
- å utarbeide årsmelding og rekneskap som vert å leggja fram for representantskapet
- treffe vedtak om disponering av fondsmidlar
- å gje innstilling i saker der representantskapet er avgjerdsinstans
- å skjøtte arbeidsgjevaransvaret ved å tilsetja gjennom eige tilsetjingsutval, seie opp og vedta instruksar
- å fastsette løns – og arbeidstilhøve for alt personell

Representantskapet vedtok i møte 14.10.2019 (Sak R10/2019) at det sittande styret skulle fungere som avviklingsstyret for ØBR IKS. Avviklingsstyret fekk så oppgåve med styret avviklinga av det interkommunale selskapet, og etableringa av det nye føretaket.

Kommune	Faste medlemmer	Varamedlemmer
Fjell	Sveinung Vethe	1. Anita Undal
	Elna Nybakk	2. Knut Tore Algrøy
Sund	Per Rune Eikeseth	1. Rudolf Helge Krondorfer
	Nina Glesnes	2. Liv Trellevik
Øygarden	Olav Martin Vik	1. Svein Berger Bjørge
	Silvia Haugland	2. Kari Fjeldstad
Ansattrepresentant	Jørgen Kausland	1. Petter Andreas Rørvik
Observatør	Eirik Monssen	2. Jarl Martin Hestad
Leiar	Per Rune Eikeseth	
nestleiar	Olav Martin Vik	

ADMINISTRASJONSAVDELING

Økonomi

Rekneskaperen for 2019 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 186 767. Brann- og redningssjefen har råda til at mindreforbruket vert overført til driftsfondet.

Arbeidsmiljø og internkontrollarbeid

Vi ønskjer at nærværsprosenten skal vere så høg som mogeleg. Det er likevel naturleg med ei viss variasjon over åra. 97,6 % er eit godt resultat for ØBR.

HMS systemet vart også i 2019 revidert for å vurdere om planverket er oppdatert til faktiske forhold ved ØBR. Likens vart verksemda sitt internkontrollsystem gjennomgått av ØBR sin øvste leiding.

Det er gjennomført AMU-møter og vernerunde i alle brannstasjonane. Det vart utarbeidd plan for arbeidsmiljøarbeidet for 2019. Denne planen vart vedteke av styret. Nye arbeidsavtalar vart utarbeidd, arbeid med revisjon av funksjonsbeskrivingar starta opp.

Arbeid med etablering av ØBR KF

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune vedtok i juni 2018 at ØBR IKS skal endrast til ØBR KF, når dei tre eigarane slår seg saman fom 2020.

Det har vore mykje arbeid med utarbeiding av forslag til vedtekter, driftsavtale og verksemdsplan for det nye føretaket, som skal vere operativt frå 2020. Styret sitt forslag til både vedteker og driftsavtale vart vedteke med nokre få justeringar, av Fellesnemnda i juni 2019. Det vart også lagt opp til at Hovudplan for ØBR IKS, skal vere eit grunnlag for ny verksemdsplan for ØBR KF.

Det har og vore fatta formelt vedtak om oppløysing av ØBR IKS i dei tre eigarkommunane. Vedtaka vart stadfesta av departementet (i praksis Fylkesmannen i Vestland).

Det har vore drøftingsmøter med tillitsvalde (§ 16-5 i AML) i samband med overdraging av verksemd frå ØBR IKS til ØBR KF. ØBR IKS vert overført som «going concern», dvs i den form som selskapet er i ved årsskiftet. Tilsette har sine same stillingar, og den utstyrsark ØBR IKS rår over, vert overført i sin heilskap til ØBR KF. Dei tilsett fekk tilbod om same stilling i ØBR KF, som dei har i ØBR IKS

Av andre møte kan vi nemne informasjonsmøter mellom brann- og redningssjefen og tillitsvald, drøftingsmøter om vaktplan, og om øvingsplan.

Arbeidsressursar

Avdelinga er sentral i det meste ved oppfølging av personell, og ein merker at det er ressurskrevjande arbeid å følgje opp omlag 70 tilsett. Særleg tydeleg vert det når ein ikkje har personal- og hmsleiar i 10/12-månadar. Avdelinga er også lågare bemanna enn brandokumentasjonen frå 2017 legg til grunn.

Av andre oppgåver kan nemnast markering av tilsette med «runde» dagar (50/60 år), og lang teneste. Det var ei årssamling for tilsett 25. mai der tilsette fekk påskjønning for lang tenestetid i brann- og redningsarbeidet i regionen.



Branningeniør Jan Gaute Fjeldstad Haug, vart engasjert av IUA Bergen i 50 % stilling i perioden september – desember.

29. november vart det arrangert julesamling.

BEREDSKAPSAVDELING

Beredskapsavdelinga har m.a. ansvar for vaktberedskap, opplæring av beredskapspersonell, forvaltning og innkjøp av materiell og utstyr m.m.

Utrykkingar og oppdrag

2019 var eit år der antal utrykkingar og oppdrag i hovudsak ligg innafor normale variasjonar. Helserelaterte oppdrag har i fleire år har hatt ein jamn stigning i antal oppdrag, og utgjør like mange som antal brannar. Det er bygd opp god kompetanse og godt utstyr på firstrespondertenesta vår, og eit godt samarbeid med kommunelegen i den samanheng. Våre tilsette gjer her ein flott jobb for lokalsamfunnet. Forliset til KNM «Helge Ingstad» medførte også i 2019 ein del arbeid, mellom anna sommarjobbprosjekt med 20 ungdommar der vi hadde ansvar for planlegging og gjennomføring. Grunna forureining i drikkevatt på Askøy, leverte vi 219 tankbillass i perioden 12.06 til 17.07. ØBR unngjekk dei store utmarksbrannane i 2019.

Bemanning

Avdelinga har ansvar for beredskapspersonell i brannstasjonane Dalsneset, Ågotnes og Skogskiftet. I tillegg kjem ansvar for depotstyrken til Kystverket. Det er i 2019 tilsett 2 nye mannskap ved Ågotnes brannstasjon.

Stasjonar

Dagens tre stasjonar tilfredsstillar ikkje nye og strenge krav til m.a. skilje mellom rein og skitten sone. Skogskiftet brannstasjon må pga endra bruk av dagens bygg flyttast, og det vart i 2019 starta planlegging av ny stasjon. Ny lokalisering er bestemt i vedteken reguleringsplan, og arbeidet med planlegging/teikning av ny stasjon kom godt igong.

Beredskapssituasjonen

ØBR har ansvar for beredskapen i alle tre kommunane, men kjøper sjølve utrykkingsdelen for Litle-Sotra, Bildøy, Lie/Ekerhovd, Bjørøy og Tyssøy frå Bergen kommune. Nytt fastlandssamband ligg eit stykke fram i tid. Vedteken branndokumentasjon peiker på eit behov for å styrke beredskapen i dette området.

Brannokumentasjonen vår heimlar fleire endringar i beredskapsorganiseringa. Vi har vore klar til å starte dette arbeidet, men pga manglande økonomidekning er vi langt frå å tilfredsstille måla.

Oljeverndepot

Det fysiske depotet vart i 2019 flytta og slått saman med Solund depot. Ny lokalisering er på Mongstad. Mannskapa er framleis tilsette hos oss. Depotmannskapa var i aktivitet i forbindelse med hevinga og flyttinga av KNM Helge Ingstad.

Opplæring/kurs/seminar

Det har vore gjennomført formalopplæring på mannskap i 2019. 3 utrykkingsleiarar har gjennomført NBSK sitt kurs. Internopplæring og øving har gått som planlagt. I februar hadde vi ei samling for pårørande til våre deltidsmannskap. Poenget med samlinga var å informere dei pårørande om kva som skjer internt knytt mot øvingar og oppdrag. Godt oppmøte og gode tilbakemeldingar.

Statistikk

Totalt i kommunane Fjell, Sund og Øygarden har det i 2019 vore 390 utrykkingar og oppdrag. ØBR har stått for 300 av dei og Bergen Brannvesen 90. Vi ligg lågt på fleire utrykkingskategoriar. Over tid ser vi ein viss dreining av oppdragstype til å handle om ikkje-brannrelaterte innsatsar.

Utstyr og materiell

Det har vore jobba mykje med å få tilbudsgrunnlag for utskifting av 2 mannskapsbilar og to tankbilar på plass. I desember 2019 vart det inngått kontrakt på levering av disse bilane, levering hausten 2020. Bilane vil erstatte dagens store kjøretøy i stasjonane Dalsneset og Skogskiftet. Me hadde i 2019 ein del feil og manglar på kjøretøy som førte til at me fekk reparasjonsutgifter som ikkje var kalkulert med. Dette skapar sjølvstekt også utfordringar reint drifts/beredskapsmessig. Båten som me har operativ frå Dalsneset har vore mykje brukt i 2018/2019, noko som har ført til reparasjonsbehov utover normalvedlikehald.

BRANNFØREBYGGJANDE AVDELING

Førebyggjande avdeling sine oppgåver kan delast inn i tre hovudoppgåver feiing og tilsyn med fyringsanlegg, risikobasert tilsyn og andre tiltak mot brann.

Feiing og tilsyn

Det er varsla 4 116 tilsyn på fyringsanlegg og 3 391 feiingar i 2019. Av desse er om lag 2 560 tilsyn og 1 540 feiingar utført.

Risikobasert tilsyn

Avdelinga har gjennomført 172 tilsyn på 122 særskilte brannobjekt. Dette svarar til 100 % av planlagde tilsyn.

Tilsyn med fyrverkeriutsal

Det vart gjennomført tilsyn med alle 15 utsal av fyrverkeri salsdagane 30. og 31. desember.

Andre tiltak mot brann

Vi har jobba med fire satsingsområder; barn og unge, befolkninga generelt, heimebuande eldre, og flyktningar. Dei to sistnemde har statistisk sett eit høgare sannsyn for å omkomme eller bli skadd i brann enn befolkninga elles. Følgjande førebyggjande tiltak er sett i verk for dei ulike satsingsområda.

Barn og unge

Førskulegrupper i alle barnehagar er velkommen på besøk på våre brannstasjonar. Her får dei møte Bjørnis, kjøre brannbil, sjå og prøve utstyr, samt høyre om brannførebygging i heimen. 330 førskulebarn frå ulike barnehagar har vore på besøk i løpet av året. Alle 3, 6. og 9. klassar får kvart år tilbod om brannvernundervisning tilpassa alderstrinnet. Undervisninga vert gjennomført på skulen. 3. klassane utnemner vi til 110-agentar, og har i oppgåve og sjekke ut branntryggleiken heime i bustaden sin. 6. og 9. klassar får teoriundervisning samt praktiske sløkkjeøvingar. Til saman har 1 580 elevar deltatt i brannvernundervisninga.

Vi deltok på Redningsselskapet sin «Førebyggjande Seilas». Dette er ein aksjon for 6.klassar med instruktørar frå politi, brannvern, og helse i tillegg til Redningsselskapet. Aksjonen vart i år gjennomført i Sund og Øygarden kommunar.

Elevane fekk mellom anna lære om sjøvett, førstehjelp, brannvern og reglar på sjøen.

Heimebuande eldre

I samarbeid med omsorgsavdelinga i Fjell kommune gjennomfører brannvernet heimebesøk hos personar som har tryggleiksalarm. Vi snakkar med bebuaren om brannvern og monterer og opp røykvarslarar som kopplast mot alarmsentral. Vi tilbyr og heimebesøk til alle som fyller 75 år i løpet av året. Her snakkar vi om branntryggleik og monterer opp komfyrvakt og/eller røykvarslar etter behov.

Befolkninga generelt

Vi heldt open brannstasjon på Ågotnes brannstasjon i september. Her hadde vi ulike aktiviteter for barna og ga ut mykje informasjon om korleis ein kan sikre heimen sin mot brann. Bjørnis deltok og på dette arrangementet. (Bilette: Open dag Ågotnes brst.)



Heimeside og facebook vert nytta for å spreie førebyggjande informasjon.

«Aksjon boligbrann» vart gjennomført på Sartor senter kor vi delte ut informasjon om brannsikkerhet og røykvarslarbattery. Vidare vart det utført bustadkontrollar ein kveld i kvar kommune.

Flyktningar

Vi har gjennomført teoretisk og praktisk brannvernopplæring av alle flyktningar i kommunane sitt program. Opplæringa vart gjennomført på Ågotnes brannstasjon.

Bustadblokker

Vi besøker styre i ulike i bustadblokker og informerer om brannvern og styrets ansvar for branntryggleiken.

TILSETTE PER 31.12.2019

Administrasjonsavdeling

brann- og redningssjef	Bjørn Olav Paulsen
personal- og hmsleiar (perm.)	Einar Magerøy
personalkonsulent (vikariat)	Karstein Golten*
branningeniør	Jan Gaute Fjeldstad Haug

Beredskapsavdeling

avd.leiar/varabrannsjef	Nils Anders Mæland
materialforvaltar	Børre Brekkvassmo*

Seksjon for beredskap - deltidstyrke

seksjonsleiar	Jarl Martin Hestad
brannmeister	Børre Brekkvassmo*
underbrannmeister	Bjarte Søvik
underbrannmeister	Dag Are Sangolt
underbrannmeister	Eirik Torsvik Monssen
underbrannmeister	Frode Skjerping*
underbrannmeister	Geir Jensen
underbrannmeister	John Morten Telle
underbrannmeister	Johnny Arild Dävøy
underbrannmeister	Leif Gunnar Alvheim
underbrannmeister	Leif Ole Reithaug*
underbrannmeister	Ronny Gilborne*
underbrannmeister	Trond Semshaug
underbrannmeister	Øyvind Sangolt
underbrannmeister	Espen Hjartøy
brannformann	Lars Frode Grevle
brannkonstabel (perm.)	Alf Heggøy
brannkonstabel	Arnstein Engelsen
brannkonstabel	Eivind Sangolt
brannkonstabel	Fredrik Blom
brannkonstabel	Hans Kristian Bremnes
brannkonstabel	Howard Hestad
Brannkonstabel (perm.)	Jan Petter Helle
brannkonstabel	Jan Kato Hernar
brannkonstabel	John Andre Straume
brannkonstabel	John-Erik Mæland*
brannkonstabel	Jørgen Kausland
brannkonstabel	Karstein Golten*
brannkonstabel	Kenth Trygve Haukeland
brannkonstabel	Kim Anders Viksøy
brannkonstabel	Kim Daniel Sebak
brannkonstabel	Kjell Havneraas
brannkonstabel	Kristoffer Engeberg Sæle
brannkonstabel	Malfred Rong
brannkonstabel	Mats Erik Halvorsen Sjørnsen

Beredskapsavdelinga held fram

brannkonstabel	Morten Solsvik
brannkonstabel	Nils-Frode Haugro
brannkonstabel	Oddvar Haugetun
brannkonstabel	Petter Andreas Rørvik*
brannkonstabel	Remi Oen
brannkonstabel	Roger Skyttermoen
brannkonstabel	Rune Skogedal
brannkonstabel	Stian Telle
brannkonstabel	Stig Fjell
Brannkonstabel (perm.)	Svenn Birger Tornøe
brannkonstabel	Tony Andre Lyngøy Rong
brannkonstabel	Torbjørn Borgen*
brannkonstabel	Vidar Halland
brannkonstabel	Viktor Oen
brannkonstabel	Ørjan Oen
brannkonstabel	Ørjan Sandanger

Oljeverndepot

leiar depotstyrke	Atle Wickman
nk. depotstyrke	Petter Andreas Rørvik*
depotmannskap	Frode Skjerping*
depotmannskap	John-Erik Mæland*
depotmannskap	Morten Tonheim
depotmannskap	Stein Erik Handeland
depotmannskap	Terje Madsen
depotmannskap	Terje Mellingen
depotmannskap	Torbjørn Lønøy
depotmannskap	Ørjan Fredriksen

Brannførebyggjande avdeling

avd.leiar	Ove Geir Stusdal
-----------	------------------

Seksjon for hms-tilsyn og opplæring


seksjonsleiar	Kristine Fretheim
branninspektør	Ronny Gilborne*
branninspektør	Torbjørn Borgen*

Seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg

seksjonsleiar	Leif Ole Reithaug*
Feiarsvein (perm.)	Jan Petter Helle*
Feiarsvein	John-Erik Mæland*
feiarsvein	Magnus Storesund
feiarsvein	Therese Eines
feiarlærling	Susanne Rabben

*Personell som har fleire stillingar. Kan vere heiltidsstilling + deltidstilling ev. to deltidstillingar.

Tal på tilsette per 31.12.2019: 67 av desse er fire i permisjon og en lærling.



www.oybr.no